

BOKN BYGDEBLAD

NR. 6

JULI 1989

ÅRG. 4

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

KOMMUNEN ORDNAR OPP: OLJEGRUSING FRA ØKLAND TIL STRAUMEN

Fylkesvegen frå Økland til Straumen har i lang tid vore gjenstand for klager. På grunn av fylkeskommunen sin vanskelege økonomiske situasjon, har det mangla vedlikehaldsmidlar, og ein kunne ikkje venta at vegen ville bli utbetra med det første.


Etter eit tverrpolitisk møte i haust vart alle partia som er representert i kommunestyret samde om at ein skulle ta saka opp.

Ordføraren har nå vore i kontakt med Vegsjefen som har gitt uttrykk for at dersom Bokn kommune kan dekka utgiftene med å leggja fast dekke på vegen, vil Vegsjefen kunna ta førearbeidet.

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 27. juni å løyva 350.000 kroner til oljegrusing av fylkesvegstrekninga Økland-Straumen under forutsetnad av at Vegsjefen tar kostnaden med å gjera nødvendig førearbeid.

Med dette er ei viktig sak for mange boknarar løyst ved at kommunen hjelper til der fylkeskommunen ikkje har tilstrekkeleg med midlar.

arbeidet vil bli utført i nær framtid.



STØRRE LAGRINGSPLASS FOR BOKN PLAST

Bokn bygningsråd har godkjendt eit forslag til utviding av lagerområde for Bokn Plast A/S.

Bokn Plast A/S har lenge hatt problem med å skaffa stort nok lagerområde, slik at provisoriske løysingar har fungert med lagring fleire stader i kommunen pluss i Kopervik.


Ved at ferjesambandet Føresvik-Kopervik ved årsskiftet skal opphøra, vil all transport av produkt frå Bokn Plast A/S foregå dagleg med lastebilar og trailarar. Bedrifta må då sikra seg tilstrekkeleg trafikk-

areal for lasting/lossing og parkeringsplass til dei tilsette på eigen grunn. Dessutan utviding av lagerområde.

Dette er tenkt gjort ved ei utfylling i sjøen aust for nåverande lager. Ein har planar om utviding på ca. 6 da. Ein vil då frå bedrifta si side få lagerplass nær produksjonslokala.

Det vil gå med ca. 40.000 kubikkmeter fyllmasse. Ein vil ta kontakt med Vegvesenet for eventuelt å kunna nytta overskotsmasse i samband med anleggsarbeidet på ny RV 512 gjennom kommunen.

Utsnitt av plan



BOKNAFESTIVALEN

Sundag 11.juni var alt klart for ein ny Boknafestival.Det var den tredje i rekka og må nå reknast som årvisse.

Dagen kom med det finaste sommardagen, og ferja la til kai i Føresvik stappande full av musikkantar, leiarar, foreldre og sysken.

På kaien stod Bokn sine musikkantar fra Skulekorps og Brass og tok i mot dei med musikk.

I år kom gjestene fra nabokommunen Tysvær. Det var Grinde Skulekorps og Frakkagjerd Mandolinorkester som skulle gleda oss med fin musikk.

Då ferja kom att fra Austre Bokn marsjerte alle opp til skulen etter musikk fra korpsa og drilljenter i spissen. Korpsa spela kvar si-ne nr. og drilljentene hadde opp-visning på skuleplassen før me gjekk inn og fann oss plass i gym-salen til den fyrste konserten.

Klokka 11.30 kunne Gunnvor Vea ynskja velkommen i ein fullsett gym.sal. Til opning las Olaug Hognaland ein veldig fin prolog ho hadde skrive til dagen.

Etterpå helsa ordføraren gjester og boknarar. Sidan gjekk musikk-innslaga etter programmet. Fyrst ut var Bokn Brass med tre nr. så kom Bokn Barnekor, Frakkagjerd Mandolinorkester, Grinde Skulekorps, Bokn Skulekorps, Felegruppe frå Bokn Mu-sikkskule og til sist Bokn Barne-leikarring med fleire dansar.

I pausen som skulle vare i ca. 1 time, kunne me kjøpe ertesuppe, pølser, is, brus, kaffe og kaker. Dessuten måtte me nytta høvet til ein drøs med gjester, venner og kjente. I gangen var det høve til å kjøpa lodd på ein mikrobølgeovn, og i skuren var det tombola, som var ein gild stad å vera for både ungar og vaksne innimellom musikkinnslaga.

Ettermiddagskonserten starta med den vaksne leikarringen, så var det Bokn Blandakor sin tur, så Grinde ungdomskorps, ei gruppe av Grinde skulekorps, popgruppe fra Bokn mu-sikkskule, Bokn skulekorps si aspirantgruppe, Frakkagjerd Mandolinorkester og til sist Bokn Brass.

Under dette programmet vart det og utdelt premiar og blomar til dei av aspirantane som hadde vore flinkast til å øve heime i året som gjekk.

Dette store programmet gjekk heilt etter planen og vart utført på ein svært fin måte, sikkert og godt leia av Gunnvor Vea.

Me som var tilhøyrarar denne fine dagen gjekk nok heim med ei stor musikkoppleveling rikare. Bokn Skulekorps og Bokn Brass som var saman om å arrangera denne tredje Boknafestivalen har god grunn til å vera nøgde med dagen.

Mykje arbeid ligg bak, ikkje berre av musikkantane, men dei fleste foreldre har og vore i sving, med kjøkkenarbeid, baking, pynting og ikkje minst rydding når det heile er slutt.

Ingunn V.

NYE LÆRARAR

Desse er:

Eva Moi Eikje, $\frac{1}{2}$ stilling (barnevernspedagog).

Elia Aase, full stilling.

Solveig Våga (Loten), 80% stilling.

Tove Bente Langvik, $\frac{1}{2}$ stilling.

Olav Lande Rossebø, 3/4 stilling.

REISELIVSNEMND

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 27.juni å oppretta reiselivsnemnd.

Medlemer er:

Stein Alendal

Leiv Våga

Trond Nedrebø

Bakgrunnen for vedtaket er m.a. realisering av fastlandssambandet og nytt ferjesamband mot sør-fylket som burde gi gode utsikter til å utvikla reiselivsverksemd til ei vekstnæring i kommunen.

FRITIDSLEIAR

Tove Bente Langvik er tilsett som fritidsleiari i $\frac{1}{2}$ stilling frå 1. august 1989.

FRA SKULEN



INFORMASJON FRA SKULEN

Heimane har tidlegare fått tilsendt skuleruta for 1989/90 slik ho er vedteken i skulestyret.

Lærarane skal dette året ha to ekstra planleggingsdagar.

Desse er fastsette til 15.08.89 og 03.01.90.

Første skuledag for elevane blir då onsdag 16.august. 2.klasse møter torsdag 17.august.

Bokn skule

Tema : KYSTKULTUR 5.KLASSE

I 5.klasse har me arbeidd ei stund med eit kjekt emne i O-fag. "Kystkultur".

Kystkultur handlar både om fiske og jordbruk. Me har hatt litt undervisning på skulen, men det viktigaste var å få sjå kva me har rundt omkring her på Bokn av sjøhus, fjøs, båtar og reiskapar.

Forskjellige personar har vore innom klassen vår og forklart nyttige ting før me skulle ut å sjå. Etter at me hadde sett oss rundt på Bokn, så avslutta me fiskedelen vår med først eit besøk til Skudesnes museum, så Sjøfartsmuseet og Hermetikkmuseet i Stavanger. Gardsdelen vår avslutta me med besøk til Haugesund meieri.

Har lyst å takka alle dei som har vore med oss:

Sigvart Våga, Østen Hognaland, Sverre Bryningsland, Herlaug Alvestad, Målfrid Kro Trosnavåg, Jakob Thorland, Svanhild og Sigmund Alvestad, Marie og Harry Vågshaug, Leif Våga og Malvin Jensen.

Helsing 5.klasse og Grete

Her ser de dei ulike stasjonane våre:

- * Filmen: "Ut mot havet"
- * Småbåtar, småfiske - først info, så ut å sjå
- * Sesongfiske, fiskeria på Bokn - besøk på skulen
- * Film: "Linefiske"
- * Bokn museum - sjå fiske- og jordbruks-reiskapar
- * Tur til Loten - demonstrasjon av fiske- og gardsreiskapar
- * Fjøsbesøk - sjå gammalt og nytt fjøs
- * Skudesnes museum
Haugesund meieri
- * Sjøfartsmuseet
Hermetikkmuseet

Tur til Loten

19.mai

Me kjørte til Loten med bussen kl. 9.30.

Det første me gjorde då me kom fram var å gå ned til sjøen. Det første me såg var ei hengekøy. Den var svær. Og så gjekk me videre nedover til me kom til ein båt og eit sjøhus. Me gjekk inni sjøhuset og der var han Østen Hognaland og Leif Våga.

Etter at Østen hadde fortalt mykje om fiske i gamle dagar, så gjekk me ut og åt maten vår. Så grilla me pølser.

Ute var det strekt ut to ruser og eit trollgarn. Me fekk forklart korleis desse reiskapa vart brukte. Østen lærte oss å laga spleis, og Leif Våga lærte oss å laga båtmannsknute. Etterpå gjekk me opp til huset og garden til Leif Våga. Me fekk prøva å slå med ljå.

Etterpå skulle me prøva å separera melk på gamle måten, og tenk melka skilte seg til melk og fløyte. Det var eit under.

Etterpå tok me og kinna ein sur fløyte. Me skulle prøva å laga smør. Me tok å kinte i mest ein time. Og jammen fekk me smør og til slutt. Svanhild Alvestad hadde laga bollar til oss. Me hadde godt med heimelaga smør på bollane. Det er dei beste bollane me nokon gong har smakt.

Sigvart Våga fortalte om livet på garden i gamle dagar.

Leif hadde og ei gammal hestevogn men ingen hest. Så me var hest på omgong.

Jon Magne Lie kom litt for tidleg, så han var heldig og fekk smaka. Nokon var innom fjøset og helste på kyrne og sauene.

kl.14.00

Så bar turen heimover.

Alle var einige om at dette hadde vore ein fin og strålende dag.

Med helsing
Silje-Karin og Lene

TUR TIL STAVANGER

Sjøfartsmuseet.

Hermetikkmuseet.

29.mai

Me reiste til Stavanger med hurtigbåten kl. 7.50 og var framme ca. 8.50. Me var først på Sjøfartsmuseet. Alle måtte venta litt for me kom ein halv time for tidleg. Når me kom inn såg me på mange forskjellige modellbåtar. Me fekk sjå korleis dei lagde seil og me såg på ein lugar frå 1800-talet. Malvin Jensen fortalte og forklarte. Me såg og på galionsfigurar og me såg på rederi kontoret og bilder korleis det var på fiske, fiske-redskaper, kister så dei hadde klærne sine oppi og ting dei kjøpte. Heilt i slutten var alle på skattejakt der me skulle finna navn på forskjellige ting. Kodeordet var "Anna af Sand" og premien var ein liten drops.

Etterpå gjekk me til Hermetikkmuseet. Der fekk me sjå korleis sardiner vart lagt i boksar, korleis boksane vart laga og korleis sardinene blir røykte. Oppe på loftet såg me i møtesalen og der var det bilet av eldre folk som hadde vore der.

I fjøset

Hjå Marie og Harry Vågshaug

22.mai

Me fekk veta at me skulle få sjå forskjellen på eit gammalt og eit nytt fjøs.

Då me kom ned fekk me først sjå høner og hanar. Det var ei høne som låg på egg.

Etterpå gjekk me ned i det gamle fjøset. Der var det mørkt og trøngt. Det var nokre båsar der og bakom eit gjerde sto to alelam. Nokre i klassen fekk gi lamma melk på tåteflaske. Andre fekk holde dei.

Så gjekk me ned i det nye fjøset. Der var det mykje som gjekk på straum. Som f.e.k. melkeanlegget, måkeanlegget og lyset.

Det var ein kalv der nede som hadde vondt i foten. Den var veldig sot. Det var kyr og andre kalvar der nede. Dei var fine dei også. Det var ein kjekk tur.

Linda og Astrid

Randi og Marita

TUREN TIL
Skudesnes museum
og
Haugesund meieri

Torsdag 25.mai

Torsdag morgen stod heile 5.klasse på kaien.Me var kjempetrøtte.
Ein del voksne var og på plass:
Marie Vågshaug,Herlaug Alvestad,
Sverre Bryningsland,Aksel Jensen,
Malvin Jensen,Sigmund Alvestad og
Grete Dale,læraren vår.

Dei skulle og vere me oss på tur.
Me hadde delt oss opp i grupper og
trykte oss inn i 3 bilar.Me reiste
med ferja kl.8.35 og så bar det i
veg til museet.Før me kom til Sku-
desnes så hadde nokon elevar fått
seg ein lur.

På museet var det mange kjempe fine
gamle ting.Museet var delt inn i
mange forskjellige rom:Krambu,kon-
tor,stover,kjøkken,soverom,sjøhus,
salteri,bøkkerverkstad,tannlege og
redningsstasjon.

Når me var ferdige på museet, så
gjekk me på kafe og åt maten vår og
drakk brus.

Når me var ferdige med og eta var

det å knø seg inni bilane igjen og
gi bilen ein puff og så bar det i
vei mot Haugesund meieri.

Når me kom fram til meieriet fekk
me først sjå ein film.Filmen handla
om korleis melka blir til (det var
litt av eit styr).Mens me såg på
filmen fekk me milkers og det var
godt.Når bedriftsleiaren var ferdig
med og snakka om meieriet så skulle
me få sjå oss litt rundt på meieri-
et.

Og der var det mykje å sjå.Me fekk
vita mykje av filmen og det han for-
talte oss.Men før me fekk gå inn i
alle romma måtte alle ha på seg
kvite frakker,luer + overtrekkssko.
Du kan tru me var stilige heile
gjengen.

Så kjøyrd me heimover og i Koper-
vik venta isen på oss.

Dette hadde vore ein heilt spesiell
skuledag,og jammen fekk me læra my-
kje.

Kristin

Sesongfiske.

Fiskeria.

Herlaug Alvestad var på skulen to
timar.Ho tok for seg dei ulike
fiskeria på Bokn.Ho forklarde kva
slags fisk dei fiska og kor dei
reiste med å visa på eit kart.

Me fekk og vita kor forskjellig
det var å vera fiskar før og nå,
og korleis det har forandra seg
med fiske på Bokn gjennom tidene.

Me fekk sjå mange gamle bilder av
båtar.Herlaug hadde og med ein mo-
dell av ein trål,og ho forklarde
korleis den virka.Ho hadde og med
forskjellige fiskekrokar,- hugsar
spesielt den store håbrandkroken.

Det var kjempekjekt å høyra på
Herlaug når ho fortalte.

Nannette

Små båtar

26.april

1.time:

Malvin var her på skulen ein time
og forklarte om båtar og bygging
av båtar.Han viste oss ulike båtar.

2.time:

Me gjekk ned til båtane og så kom
Jakob og låste opp og tok ut eit
segl.Me stod og såg på seglet,
imens han snakka om seglet.Etterpå
gjekk me inn og såg på båten. Me
syntest at det var mørkt,så Jakob
let opp skyvedøra så me fekk meir
lys.Og så kunne Malvin og Jakob
forklara om båten.Etterpå gjekk me
til skulen att.

Ole Johannes,Gudmund,Torstein M.

Bokn museum

28.april

Me køyrdet opp til museet. Og der var Målfred Kro Trosnavåg, Malvin Jensen og Svanhild Alvestad.

Og så delte me oss i to grupper. Den

eine gruppa gjekk først ned i kjellaren og der fekk me sjå jordbruksreiskapar. Etterpå bytta me plass. Og der fekk me sjå fiskereiskapar og litt kjøkenreiskapar.
Etter at me hadde sett oss rundt så køyrdet me til Svanhild Alvestad for å sjå på ein gris som hadde fått grisungar.
Etter at me hadde sett på det så køyrdet me til skulen.

Helsing Torstein A.

Den 8.juni reiste 3., 4., 5. og 6. klasse til Sandvika for å plukka boss. Me reiste klokka ni med bussen til fiskemottaket. Så gjekk me resten av veien.
Då me var framme såg me ganske mye

oss. Så delte me oss i seks grupper. Etterpå så hadde me kvar sin soppelpose som me fekk til å plukka boss oppi. Det blei meir og meir soppelposar oppå Håkon Bokneberg sin tilhengar.
Då klokka nerma seg halv tolv var det matpause.
Etter ca. ein time var det påan igjen. Det var ikkje lange stunda før me var ferdig.
Så me håpar at alle boknarar og turistar tar med seg bosset.

Christine 6.kl.


SR-PERSONKONTO SYR FORDELER SAMMEN

HØY RENTE

ENKEL OG
OVERSIKTIG

PRAKTISK
I BRUK






BIBLIOTEKET

OPNINGSTIDER:
TIRSDAG :10-13
TORSDAG:16-19

STENGT FRÅ 17. JULI - 07. AUGUST.



LESETIPS FOR JULI


- * Deighton, Len:
Aksjon hjernevask
- * Rushdie, Salman:
Sataniske vers.
- * Pollestad, Kjell:
Paven i Rom.
- * GRO - midt i livet



BARN OG UNGDOM

- * Sandberg, Liv:
To telt tett i tett.
- * Alnær, Karsten:
Even 1814.
- * Bjorland, Gunnv.:
Det spøkjer i Ola huset.
- * Barnas beste baksetebok.

*Tegneserier
på biblioteket*



GOD SOMMAR!

BOKN FÅR MILJØUTVAL

Mot 4 røyster gjorde Bokn kommune-styre den 27.juni vedtak om at det skal oppretta eit miljøutval.

Utvalet skal ha medlemer frå teknisk hovedutval, helse- og sosialstyret, friluftsnemnda, viltnemnda, landbruksnemnda og fiskarnemnda - til saman 6 medlemer.

I vedtaket heiter det at arbeidet i første omgang må konsentreraast til å laga målsetjingar for miljø arbeidet i kommunen, og laga oversikt og kartleggja problemområde. Vidare skal utvalet utarbeida handlingsplan for løysing av desse problema. Dette skal vera ein del av kommuneplanen for Bokn.

Administrativt skal arbeidet leiaast av rådmannen. Etatsjefane skal fungera som arbeidsutval med avd. ingeniør Marit Markhus som sekretær for utvalet.

Sikring av born i bil

1.okt. 1988 fekk vi nye forskrifter for sikring av born i bil. Desse gir oss påbod om å sikra borna våre.

Gjer det til ein vane å sikra borna dine kvar gong du skal køyre, sjølv om turen er kort.

Vær eit godt føredøme og bruk sikkerhetsselen sjølv også. Då godtar borna lettare at dei skal sitja fastspente.

Ein veit aldri når ulukka er ute.

helsegaster

AKSJON SKULEVEG 1989

Bokn formannskap gjorde i møte den 19.juni vedtak om å søkja om tilskot på kr.80.000,- til fylgjande utbetring av skulevegar/nærmiljø:

- 1.Utbetring av sving i Vassbotn (Are).
- 2.Utbetring av snuplass i Loten.
- 3.Utbetring av kurvatur sør for Vatnalandskrysset.
- 4.Utbetring av bustadveg i Foresvik.

KULTURMIDLAR

Bokn kulturstyre delte i møte den 30.mai ut kulturmidlar til lag og organisasjonar. Desse fekk midlar:

Bokn skulekorps	kr.22.790,-
Bokn Brass	kr.14.580,-
Bokn Idrettslag	kr.19.650,-
Kyrkjebrygd Søndags-skule	kr. 1.330,-
Austre Bokn Søndagssk.	kr. 1.000,-
Hognaland Søndagssk.	kr. 750,-
Bokn Yngres	kr. 2.250,-
Petra	kr. 2.300,-
Austre Bokn gutte- og jenteklubb	kr. 1.440,-
Barneforeninga "Hav-dur"	kr. 1.490,-
Hognaland Barnefor.	kr. 1.650,-
Bokn Pensjonistfor.	kr. 2.800,-
Bokn Vevstove	kr. 2.000,-
Bokn Skyttarlag	kr. 2.410,-
Bokn Veteran MC-klubb	kr. 1.160,-
Kyrkjetonar	kr. 750,-
Kyrkjebrygd Bedehus	kr. 750,-
Hognaland Bedehus	kr. 750,-
Austre Bokn Bedehus	kr. 750,-

Til saman er kr.80.650,- delt ut.

UTVIDA KAPASITET

I BARNEHAGEN 1989/90

Bokn formannskap gjorde den 19.juni vedtak om å auka bemanninga med 10 veketimar for barnehageåret 1989/90. Talet på heildagsplassar vert auka frå 9 til 11. Dette fører til ei netto ekstra utgift for kommunen på kr.11.700 for 1989/90.

Bakgrunnen for vedtaket var at 2 born sto utan plass i barnehagen, og at det kunne føra til problem for bemanningssituasjonen i viktige fagstillingar i kommunen. Vedtaket vart gjort etter kommunelova sin § 22 ("hasteparagrafen"), og forslaget om å bruka denne paragrafen var samrøystes.

Sjølv vedtaket om å auka bemanninga vart gjort med 4 mot 1 røyst.

STADNAMN I BOKN

Ogn

Ogn eller Ognøy som øya helst blir kalla i dag, dukka fyrste gongen opp i skrivne dokument i 1534. Då blir ho nemnt som "Offnen" og "Offne" av dei danske skrivarane.

På Ogn har arkeologane funne den eldste buplassen i Bokn. Han er også mellom dei eldste i heile fylket og blir datert til kring 7000 f. Kr. Me tenkjer oss at han blei bruka til visse tider i året av ein stamme som streifa kring i Tysvær og Bokn. Den eldste faste busetnaden på øya er truleg ikkje yngre enn frå folkevandringstida kring 500 e. Kr.

Ogn kom tidleg i hendene til framande eigarar og blei kanskje gitt til biskopen i Stavanger i samband med opprettinga av bispestolen der i 1125. Ogn var då ein del av ei godssamling som omfatta Ognaland, Kro og Øvrabø på Austre Bokn. Ogn høyrde sidan til bispestolen heilt opp i nyare tid.

Øya blei avfolka i samband med Svartedauden og dei pestene som fylgde og ikkje busett att før ein husmann slo seg ned der kring 1700. Til den tid låg øya øyde under Nerabø.

LESARBREV:

Kjære Bokn Bygdeblad.

Som andre leserar finn eg bladet både interessant og lettles men eg har eit hjartesukk å koma med. Kvar gong eg kjem til sida der det står: "Info frå idrettslaget" vrengjer magen seg!. INFO. Lesaren går ut frå at det står som forkorting for informasjon. Er det så

"Ogn" høyrer til det eldste namnegodset me har i landet og er kanskje i slekt med andre øynamn som Sokn, Fogn og Bokn. Det er også i slekt med gardsnamnet Oanes i Forsand og Oagna i Hå.

Kanskje skriv namnet seg heilt frå bronsealderen. Det heng saman med det gamalnorske ogn som tyder skrekke, redsle. Ogn kan difor tyda "den skremmelege øya". I dag er det vanskeleg å sjå noko særskilt skremmeleg med Ognøy. Helst må namnet ha vore knytta til overtru eller religiøse oppfatningar om at øya husa einkvan fælsleg guddom.

Namnet sette også preg på områda rundt. På nordaustre sida av øya finn me Ognakalven, sundet mot Austre Bokn heite Ognasundet, medan garden på andre sida av sundet på Austre Bokn heitte Ognaland. Denne garden blei som Ogn fråflytta etter Svartedauden og sidan drivne som øydegard under Kro og Ørvabø. Han blei då helst nemnd som Øygarden.

Birger Lindanger

skralt med trykksvarta i idrettslaget eller bygdebladet at ein ikkje kan skrive ordet heilt ut føreslår eg at ein går til krone-rulling blandt lesarar med mage-trøbbel. Eller kanskje ein kan gje re det så enkelt og billig at ein bytter ut Info med nytt? Med håp om snarleg betring.

Rådet mot språkleg forureining (sekretären)

Det er positivt med lesarbrev, og bygdebladet vil gjerne ha fleire. For framtida vil ingen lesarbrev bli tatt inn utan at skrivaren gir seg til kjenne med namn!

Elles vil eg roa innsendaren med at for å unngå magetrøbbel-epidemi blandt lesarane, vil heretter nytt frå idrettslaget stå under vigenetten "Nytt frå idrettslaget"

red.

GRUNNSKULEN 250 ÅR

BOKN SKULE SI MARKERING AV JUBILEET

Onsdag den 7.juni markerte Bokn skule 250 års jubileet med ein skikkelig gelèfest i gymnastikkalen.

Dagane før jubileet bar preg av å vera i "gelèen sitt teikn". Over alt på skulen vart det teikna utkast til gelèidear i dei ulike klassane. All gelèen og ballongar fekk me gratis frå Freia. Det einaste me måtte halda sjølv var vatn- og ideane til korleis dei ulike kunstverka skulle utformast. Kjøleskåpa på skulen vart rydda, og inn kom brett med ulike gelèidear - frå idrettsbana i grøn og raud gelè til kart over Bokn i same materialet.

Då den 7.juni oppratt, vart gymnstikkalen pynta med langbord og ballongar. I timen før kl.12 vart gelèen henta ut or kjøleskåpa og plassert på langborda. Likeeins kom kak-

ene som skulestyret hadde bakt, fram frå gøyemestadane.

Presis klokka 12 vart tuntreet, eller rettare sagt tuntrea, planta. Det einne treet fekk skulen av Bokn Hagelag, medan det andre treet kom frå skogbrukssetaten i fylket. Skulesjef og ordførar heldt tale. Sistnemnde planta det eine treet saman med Randi Bokneberg. Anita Kro og Christian Ovidth sto for plantinga av det andre tuntreet. Då trea var vel nedi jorda, gjekk forsamlinga inn i gymnastikkalen. Etter at både elevar og foreldre hadde funne seg plasser, gjekk startskotet for fortæring av gelèen, medan dei vaksne fekk kaker og kaffi. Restane etter kalaset (både kaker og gelè) pynta opp borda på lærarrommet i dagane etter den 7.juli.

Arvid J.



BOKN KOMMUNE

4290 FØRESVIK

ETABLERINGSLÅN 1989

Bokn kommune har fått tildelt midlar til vidare utlån ved bygging av ny bustad, kjøp av bustad eller utbetring av eldre bustad. Lånet er behovsprøvd.

Sams for alle typar bustader er at dei må ha lån i Husbanken eller Landbruksbanken.

M.a. huslydar med funksjonshemma og hustandar som skal etablera seg for første gong er prioriterte.

Nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Dette lånet er det ikkje søknadsfrist på.

UTBETRINGSTILSKOT OG LÅN 1989

Ein kan søkja om lån/tilskot til ulike slag utbetringsarbeid - t.d. innlegging av vatn, ordna med avløp, innstallera bad/WC, isoleringsarbeid o.l.

Desse kan søkja:

1. Husstandar der minst ein person er over 60 år.
2. Husstandar med funksjonshemma.
3. Husstandar med særlege sosiale behov.

Ordninga er behovsprøvd, og kommunen tek m.a. omsyn til inntekt og formuetilhøve.

Med søknaden skal det fylgja eit overslag over kostnadene som er oppsett av bygningsmann. Dette overslaget må søkeren syta for.

Søknadsskjema og nærmere opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.


Søknadsfrist: 1.august 1989

B

STAVANGERSKE ANKAR

Det Stavangerske Dampskipsselskap har anka Samferdselsdepartementet sitt pålegg om at alle hurtigbåtane skal gå innom Føresvik med faste anløp.

Det er derfor på sikt usikkert om alle hurtigbåtane vil gå innom Føresvik.



BOKN BYGDEMUSEUM

Opningstider

Kvar sundag i juni, juli og august - frå og med 4.juni til og med 27.august

kl.15.00 - kl.18.00

Dersom nokon har lyst å gå i museet utanom opningstida, må dei venda seg til Målfrid Kro Trosnavåg, tlf. 748355.

HELSESTASJONEN

Helsesøster har ferie frå 10.juli - 30.juli.

Frå august har helsesøster åpent på tirsdag.

TANNKLINIKKEN

Tannklinikken har stengt:

06., 11., 13., 18., 20., 25., og 27.juli,
01. og 03.august.


For timeavtale, henv.tlf. 85 04 04.

TRELAST OG
BYGGEFIRMA
LANGDAG TIRSDAG
DIN NÆRBUTIKK
UTVIK^A
S
AVALDSNES - Tlf. 843111
Nor riksvegen og kai


BOKN TEGNE- OG SALGSKONTOR
RING SOLVEIG GUNDERSEN FOR
AVTALE - TLF. 748501
TEGNING - BYGGESAKSBEHANDLING -
FORSLAG TIL KJØKKEN -
MANGE GODE TILBUD

BOKN KOMMUNE

STORTINGSVALGET 1989 FORHANDSSTEMMENGINEN I BOKN



vil foregå på formannskapskontoret, Boknatun, fra 1.juli 1989 mellom kl.9.00 og kl.14.00 på vanlige kontordager. Dessuten lørdag 9. september kl.10.00 - 12.00 og søndag 10. september kl.16.00 - 20.00.



BOKN VALGSTYRE